


Kartlegging som syner ras- og skredfaren i Uskedalen.

08.07.2020



Kartet syner soner for skred- og rasfare i Uskedalen.

Eit TV innslag frå Kvestad i Hardanger har aktualisert kartlegginga som syner soner med gradert fare for skred og ras. På Kvestad går grensa for kritisk fare gjennom eit gardstun. Det føreligg også kart som syner skred- og rassoner i Uskedalen. Registreringa vil mellom anna vera avgjerande for vidare regulering og planarbeid for framtidig husbygging.

- Kartet syner område som ligg i raud sone. Her er det rekna med ras 1 gong pr. 100 år. I raud sone er det sett byggestopp.
- Område der det er rekna med ras/skred 1 gong pr. 1000 år, er farga oransje. Her vert det lagt inn restriksjonar med mellom anna forbod mot bygging av våningshus og driftsbygningar. Det vert med dette ikkje gitt byggeløyve i slike soner.

66 kommunar er til no kartlagd. 64 kommunar ventar på slik kartlegging. 1400 nordmenn bur i dag på plassar der ein reknar med det vil gå skred/ ras med alvorlege fylgjer. Geologane som jobbar med dette fagfeltet studerer skredhistorien og brukar kart og flyfoto i sitt arbeid. Dessutan er det på plassen og studerer geografien og lende.

Arbeidet endar opp med detaljerte kart og målingar for kor det er fare for skred, flaum og kvikkleire.

Uskedalen.no har før skrive om kartlegging som område utsette for flaum.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Skjermfoto frå skredrapporten